

# TILSYNSRAPPORT

## Tema:

Skulens aktivitetsplikt for å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø:

Plikta til å undersøke

Plikta til å sette inn tiltak

Ullensvang kommune - Odda barneskule

**Sak: 2020/1913**

## Samandrag

Vi fører tilsyn med Ullensvang kommune.

Temaet for tilsynet er skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har et trygt og godt skulemiljø.

Vi har avgrensa tilsynet til å gjelde bestemte delar av skulens aktivitetsplikt. I tilsynet kontrollerer vi plikta til å undersøkje saker, plikta til å setje inn tiltak dersom ein elev ikkje opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø og plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak, samt plikta til å informere om retten til å melde ei sak til Fylkesmannen, jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-9 og forvaltningslova § 11.

Dei mest sentrale funna frå tilsynet er:

- Vi finn at rektor ikkje har sikra at skulen undersøker saker tilstrekkeleg grundig når dei har mistanke om, eller kjennskap til, at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor sikrar heller ikkje at skulen undersøker saka snarast, eller at elevar som saka gjeld får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen.
- Vi finn at rektor ikkje sikrar at skulen sett inn eigna tiltak om ein elevs rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt.
- Skulens aktivitetsplanar er ikkje i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd.
- Vi finn at rektor ikkje følgjer opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen.
- Rektor sikrar ikkje at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har virka, eller kva endringar eleven ønskjer, og rektor syter ikkje for at skulen tilpassar tiltaka basert på denne informasjonen.
- Skulen informerer ikkje elevar om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen om dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta.

Kommunen fekk ein førebels tilsynsrapport og har ikkje uttalt seg innan fristen. Kommunen formidla ikkje ønskje om eit sluttmøte.

Fylkesmannen har sett frist for retting til 23. juni 2020. Før fristen må Ullensvang kommune sende oss ei erklæring om at forholda er retta, og ei utgreiing om korleis brota er retta.

## Innhald

1	Innleiing.....	4
1.1	Kort om kommunen.....	4
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet.....	4
2	Skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø .....	6
2.1	Plikta til å undersøkje og sette inn tiltak.....	6
2.1.1	Rettslege krav .....	6
2.1.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar .....	7
2.2	Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak .....	14
2.2.1	Rettslege krav.....	14
2.2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar .....	15
3	Varsel om pålegg om retting .....	19
4	De kan gi tilbakemelding på rapporten .....	20
	Vedlegg.....	21

# 1 Innleiing

Vi fører tilsyn med offentlege skolar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om skulane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Dersom kommunen ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Vi gir difor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at skulen rettar opp brot på regelverket.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentliglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

## 1.1 Kort om kommunen

Odda barneskule ligg i Ullensvang kommune, og har ifølgje Grunnskulens Informasjonssystem (GSI) 372 elevar skuleåret 2019-2020.

Vi valde å opne tilsyn med dette tema i Ullensvang kommune, Odde barneskule, på bakgrunn av ei risikovurdering. I denne kom det fram at tal frå elevundersøkinga viser at det er ein stor del av elevane på skulen som opplever å ha blitt mobba i løpet av dei siste åra. Delen auka stort i åra 2014 til 2017, medan elevundersøkinga ikkje vart gjennomført i 2018.

Vi vektla vidare at Fylkesmannen på tidspunkt for opning av tilsyn ikkje hadde mottatt saker frå skulen, noko som gjorde at vi ikkje hadde informasjon om skulens praksis på området. Vi så også at informasjonen på nettsidene til skulen om skulemiljø og rettane til elevane, viste til det gamle regelverket som var gjeldande fram til 1. august 2017.

## 1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Ullensvang kommune i brev av 28. januar 2020. De vart pålagd å levere dokumentasjon til oss med heimel i opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-3. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Kommunen hadde frist til 24. februar 2020 for å levere eigenvurdering i RefLex frå skuleleiinga og lærarar. Eigenvurdering og dokumentasjon vart levert innan fristen.

Hovudtemaet for dette tilsynet, *skulemiljø*, er ein del av felles nasjonalt tilsyn frå 2018. Skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø, er delt i tre område:

1. Skulemiljø: Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har et trygt og godt skulemiljø.

2. Skulemiljø: Skulens plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involver elevar og foreldre.
3. Skuleeigars forsvarlege system på ovannemnde område.

Fylkesmannen fører tilsyn med del 1. Temaet inneheld tre deltema:

1. Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.
2. Plikta til å straks å varsle, undersøkje og setje inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar
3. Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak

Vi har undersøkt nokre forhold under deltema 1 og 3.

Forhold vi har undersøkt under deltema 1: Om skulen alltid undersøker saka ved mistanke eller kjennskap, om skulen alltid får fram fakta om situasjonen, om skulen undersøker bakgrunn og forhold som påverkar elevens oppleving, om involverte elevar vert høyrde i samband med skulens undersøking, om skulen alltid undersøker saka snarast og om skulen dokumenterer si undersøking.

Forhold vi har undersøkt under deltema 3: Om skulen lagar ein skriftleg aktivitetsplan der det går fram problem tiltaka skal løyse, planlagde tiltak, når tiltaka skal gjennomførast, kven er ansvarleg og tidspunkt for evaluering av tiltaka, og om skulen informerer om retten til å melde ei sak til Fylkesmannen.

Grunnen til at vi har vald å føre tilsyn med dette temaet er knytt til dei erfaringane vi har gjort oss som handhevingsmyndigheit for skulemiljø saker. I fleirtalet av sakene der vi har fatta vedtak om brot på aktivitetsplikta, har det vore brot på desse delpliktene. Skal skulane klare å setje inn dei tiltaka som gjer at skulemiljøet for den det gjeld blir betre, er skulen heilt avhengig av å undersøkje saka tilstrekkeleg, slik at det er ein klår og tydeleg samanheng mellom situasjonen til eleven og dei tiltaka skulen set inn.

Denne tilsynsrapporten gjev ikkje ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og opplæringsstaden. Rapporten omhandlar berre resultat knytt til temaet som er valt, og på det tidspunktet tilsynet er gjennomført.

Vi sende førebels tilsynsrapport til dykk 8. april 2020. I han presenterte vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar.

## **2 Skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø**

### **2.1 Plikta til å undersøkje og sette inn tiltak**

#### **2.1.1 Rettslege krav**

Alle elvar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9 A-2.

Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø kallar vi skulens aktivitetsplikt.

Aktivitetsplikta er beskriven i opplæringslova § 9 A-4.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

#### **Plikta til å undersøkje alle saker**

Så snart de får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal de undersøkje saka nærare.

Alle elevar som er involvert i saka, har rett til å uttale seg. De skal legge til rette og ufarleggjere samtalen. Elevane kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

Undersøkingane skal få fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for eleven sin oppleving og kva i eleven sine omgivnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. De må innhente nok informasjon til å avdekkje kva som har skjedd, og om éin eller fleire elevar opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. De skal dokumentere korleis de undersøker saka. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal undersøkje, og følgje opp at det blir gjort.

#### **Plikta til å undersøkje saka straks**

De må undersøkje kva som har skjedd. De skal dokumentere korleis de undersøker saka.

Dersom undersøkinga viser at ein som jobbar på skulen, har krenkt elevar, må de undersøkje korleis elevane opplevde dette. Dersom det er elevar som ikkje har eit trygt og godt skulemiljø som følgje av krenkingane, må de vurdere kva for tiltak de skal setje inn.

Ein elev som krenkinga direkte rettar seg mot, har rett til å uttale seg. De skal tilretteleggje og ufarleggjere samtalen. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner. Dersom krenkinga rettar seg mot ei større gruppe elevar, for eksempel ein klasse, kan det vere tilstrekkeleg å snakke med klassen samla eller med ein del av elevane.

Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal undersøkje, og følgje opp at det blir gjort.

### **Plikta til å setje inn eigna tiltak**

Plikta til å setje inn tiltak gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt.

De skal velje tiltak ut frå faglege vurderingar av kva som er eigna tiltak. Vurderingane skal basere seg på kunnskap, prinsipp og verdiar som er utvikla og anerkjende av kompetente fagmiljø. De må tilpasse tiltaka til saka og eleven sitt heilskapelege behov.

De må ta stilling til kva som er eleven sitt beste i saka. Dette gjeld også for andre elevar som er involvert i saka eller blir direkte påverka av tiltaka. Momenta i vurderinga kan vere eleven sitt syn på kva som bør vere innhaldet i aktivitetsplanen, eleven sin identitet og karaktertrekk og eigenskapar, familiemiljø og nære relasjonar, vern, omsorg og tryggleik, sårbarheit eller sårbare situasjonar, eleven sin rett til liv og utvikling, eleven sin fysiske og psykiske helse og eleven sin rett til utdanning. Det skal sterke omsyn til for at de kan setje eleven sitt beste til side. De må ta stilling til kor stor vekt eleven sitt beste skal ha.

Samla sett skal de gjennomføre dei tiltaka som det er rimeleg å vente av dykk i den enkelte saka. Rektor skal sikre at dette blir gjort.

På [www.reflex.udir.no](http://www.reflex.udir.no) finn ein meir informasjon om krava som gjeld skulens aktivitetsplikt.

## **2.1.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar**

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at skulen undersøker saka når skulen har mistanke om eller kjennskap til at en elev ikkje har et trygt og godt skulemiljø?

*Vår observasjon*

På spørsmål om dei alltid undersøker saka når dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, svarar både rektor og lærarane ved Odda barneskule ja. Rektor skriv at undersøkingane alltid omfattar samtale med aktuell elev og med føresette. I tillegg kan undersøkingane omfatte samtale med andre involverte elevar og føresette, observasjonar, kartlegging med meir, skriv rektor.

Skulen har sendt inn ein «handlingsplan for handtering av elevsaker». Av denne planen går det fram at den som mottek melding om at ein elev ikkje har det bra, skal fylle ut skjema «Melding, §9A». Skjemaet skal leverast til kontaktlærer, og rektor skal informerast om oppretting av sak. Kontaktlærer skal undersøke saka grundig, og vurdere kva tiltak som må setjast inn.

For å sikre at det vert undersøkt i alle saker, skriv rektor i brev datert 9. mars at skulen har ein gjennomgang av rutinar for handtering av saker etter opplæringslova kapittel 9 A to til tre gonger i året. Den eine gongen er alltid på planleggingsdagen ved skulestart, for å sikre at eventuelle nyttilsette har fått gjennomgått rutinen og kjenner godt til den. For å følgje opp at saka vert undersøkt i tråd med rutinen, skriv rektor at dei har som rutine at rektor skal informerast når det vert oppretta ei sak. Rektor etterspør da informasjon om status hjå kontaktlærer straks, for å sikre at handtering av saka er i gang.

På spørsmål om undersøkingane alltid får fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for elevens oppleving og kva i elevens omgivnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet og om eleven opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, svarar lærarane ved Odda barneskule ja. Rektor svarar nei på spørsmålet, og skriv at det at eleven kjenner at han eller ho «ikkje opplever eit trygt og godt skulemiljø er subjektivt, så når dette vert signalisert, er det fakta». Rektor skriv vidare at det likevel ikkje er slik «at ein alltid finn at det som vert sagt er til stades, men summen av dei undersøkingane ein gjer, bidreg til at ein kan setja inn tiltak til å starte med, for å prøve å betre situasjonen til eleven».

På spørsmål om involverte elevar alltid vert høyrte når dei undersøker saker, svarar både rektor og lærarar ved Odda barneskule ja. Rektor skriv at ein alltid «har samtale med dei elevane som er involverte i ei sak, uansett om det er offer eller plagar».

På spørsmål om dei dokumenterer korleis dei undersøker saker ved mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø svarar både lærarar ved Odda barneskule og rektor ja. Rektor skriv at undersøkingane inntil no har vore «dokumentert i den første aktivitetsplanen», men at dei no er merksame på at «undersøkingane skal dokumenterast som eige dokument». Difor har dei endra på handlingsplanen, og det står no at undersøking skal gjerast før aktivitetsplan vert oppretta. Rektor skriv at dette enno ikkje er innarbeidd hjå lærarane.

Rektor har sendt inn tre døme som viser korleis dei har undersøkt saker ved mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

### *Vår vurdering*

Skulen skal undersøke saka etter at dei har fått mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor må sikre at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at det vert undersøkt i alle saker. Rektor må følgje opp at skulen undersøker alle saker i tråd med skulens framgangsmåte i praksis.

Det går fram av eigenvurderinga, handlingsplanen og brev frå rektor at skulens framgangsmåte for å sikre at det vert undersøkt i alle saker, er at kontaktlærer startar undersøking etter varsel. Dette vert formidla to til tre gonger i året til dei tilsette. Rektor følgjer opp at sakene vert undersøkt ved å kontakte kontaktlærer straks etter varsel for å høyre kva status i saka er. Etersom kommunen har ein framgangsmåte for undersøking etter varsel, der rektor følgjer opp at det vert starta undersøkingar, finn vi at rektor har sikra at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at det vert undersøkt i alle saker.



Rektor må syte for at skulens framgangsmåte sikrar at skulen undersøker alle saker tilstrekkeleg grundig. Rektor må følgje opp at skulen undersøker alle saker i tråd med denne framgangsmåten i praksis. Ein del av undersøkningsplikta inneber òg å analysere og ta stilling til kva funn undersøkingane har avdekka.

Rektor viser til at det er elevens subjektive oppleving som skal ligge til grunn for undersøkingane. Det er rett at dette skal vere utgangspunktet, men i tillegg til at man i undersøkingane skal klarlegge elevanes subjektive oppleving, skal undersøkingane også få fram fakta om situasjonen og faktorar i skule- og klassemiljøet som kan bidra til at eleven ikkje har det trygt og godt.

Av den innsendte dokumentasjonen kan vi ikkje sjå at rektor har gitt andre føringar for framgangsmåten ved undersøking, anna enn at saka skal undersøkast grundig «ved samtale o.l.». Dette gjer til at det blir opp til den enkelte å avgjere korleis ein skal undersøke saka, og kan lede til at saker vert handsama ulikt.

Det går ikkje fram av dei innsendte aktivitetsplanane kva undersøkingar som ligg til grunn for tiltaka, utover samtale med eleven og/eller dei føresette. Fleire av tiltaka ber òg preg av å vere generelt utforma, og lite konkretiserte, noko som kan tyde på at undersøkingane ikkje har vert tilstrekkeleg grundige. Det er vidare vanskeleg å skilje mellom tiltak som er iverksett på bakgrunn av undersøkingar, og om nokre av tiltaka i realiteten er undersøkingar som skal ligge til grunn for seinare tiltak. Dette gjer til at det blir veldig uklart om det har vore gjennomført tilstrekkeleg grundige undersøkingar før det vert satt i verk tiltak.

Det kan sjå ut til at det er samtale med elevar eller føresette som i dei fleste tilfella ligg til grunn for dei tiltaka som vert iverksett. Samtale med elevane vil kunne vere eigna til å klarlegge elevanes subjektive oppleving. Slike samtalar vil derimot ikkje alltid vere tilstrekkelege til å klarlegge fakta om situasjonen og få fram faktorar i skule- og klassemiljøet som bidrar til at eleven ikkje opplever å ha det trygt og godt. Dei generelle tiltaka som ikkje er konkretiserte gjev uttrykk for at skulen ikkje gjer grundige og gode undersøkingar av sakene.

På bakgrunn av at skulen ikkje har føringar for korleis ein skal undersøke saker tilstrekkeleg grundig, og at aktivitetsplanane viser at skulen ikkje undersøker sakene tilstrekkeleg grundig, kan vi ikkje sjå at rektor har sytt for at skulens framgangsmåte sikrar at det vert undersøkt tilstrekkeleg grundig i alle saker.

Skulens framgangsmåte må sikre at elevar som er involvert i saka, får uttale seg. Når skulen høyrer dei involverte elevane, skal elevane få nødvendig informasjon for å kunne ta stilling til om dei vil uttale seg. Skulen skal vidare leggje til rette for og ufarleggjere samtalen, og syte for at han er tilpassa elevane sitt mognadsnivå. Av den innleverte dokumentasjonen går det ikkje fram om skulen har ein framgangsmåte for kva informasjon skulen gir elevane for at dei skal kunne ta stilling til om dei vil uttale seg, eller korleis dei syter for at samtala vert tilpassa og tilrettelagt. Vi ser likevel at skulen legg stor vekt på elevens subjektive oppleving i ei sak, og at det kontaktlærer som skal gjennomføre samtalane. Vi legg difor til grunn at samtalene vert tilrettelagt og tilpassa elevens mognadsnivå, og at eleven får nødvendig informasjon til å ta stilling til om dei vil uttale seg i ei sak.

I dei fleste innleverte sakene går det fram at skulen har gjennomført samtale med den eller dei involverte elevane. I nokre planer er samtale sett opp som tiltak, noko som gjer det uklart om samtalanene er gjennomført som undersøkingar i saka. Ettersom det vert uklart for Fylkesmannen om alle involverte elevar vert høyrte i forbindelse med undersøkinga av sakene, finn vi ikkje at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at alle elevar som er involvert i saka, får uttale seg.

Skulen må dokumentere kva dei gjer for å undersøke saker, i kvar enkelt sak. Det er ikkje tilstrekkeleg å vise til rutinar eller planar for korleis dei skal oppfylle aktivitetsplikta.

Rektor skriv i eigenvurderinga at undersøkingane har vore dokumentert i den første aktivitetsplanen. Skulen skriv at dei no har endra sine rutinar, slik at det går fram av handlingsplanen at undersøkingane skal «dokumenterast i eit eige dokument». Rektor skriv likevel at dette ikkje er innarbeidd hos dei tilsette enda.

Skulen har sendt inn tre døme på undersøkingar i saker. Desse undersøkingane ser ut til å inngå som tiltak i aktivitetsplanar, og bærer preg av å være loggar over ulike hendingar, ikkje målretta undersøkingar.

Ettersom det enda ikkje eksisterer ein innarbeidd framgangsmåte for å dokumentere kva som vert gjort for å undersøke saker, og at det ikkje går fram av den innsendte dokumentasjonen korleis skulen undersøker saker, finn vi at skulen ikkje dokumenterer korleis dei undersøker saker ved mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Vi finn at skulen ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at sikrar at skulen undersøker alle saker tilstrekkeleg grundig, og at dei heller ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at elevar som er involvert i saka, får uttale seg. Skulen dokumenterer heller ikkje korleis dei undersøker saker ved mistanke.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at skulen undersøker saka snarast?

*Vår observasjon*

På spørsmål om dei alltid undersøker saka snarast, svarar både rektor og lærarar ved Odda barneskule ja. Rektor skriv at undersøkingar «vert sett i verk så snart det er mogleg å få til, ut ifrå situasjonen». Svært alvorlege saker vert undersøkt same dag, ifølgje rektor.

Av skulens innsendte dokumentasjon ser vi at rektor har ein «handlingsplan for handtering av elevsaker». Av planen går det fram at den som mottek melding om at ein elev ikkje har det bra, skal levere inn skjema «Melding, §9A» til kontaktlærar, og informere rektor om oppretting av sak. Kontaktlærar skal så undersøke saka grundig, og vurdere kva for tiltak som skal settast inn.

Skulen skriv i tilleggsbrev sendt 9. mars 2020 at dei sikrar at det vert undersøkt snarast mogleg i alle sakar, ved å ha ei gjennomgang av rutinar for handtering av saker etter opplæringslova kapittel 9 A to til tre gonger i året. Den eine gongen er alltid på planleggingsdag ved skulestart, for å sikre at eventuelle nyttilsette har fått gjennomgått rutina. Ved slike gjennomgangar vert det

lagt «vesentleg vekt på informasjon om- og forståelse av fristen for å gå i gang med handtering av ei oppretta sak, som er på fem dagar» ifølgje rektor. Vidare følgjer rektor opp at det undersøkast i tråd med framgangsmåten ved å etterspørje informasjon om status hjå kontaktlærer straks etter.

Av skulens aktivitetsplanar går det ikkje fram når dei vart meldte. Rektor skriv at dei ikkje har hatt anna praksis for å dokumentere varsling enn ved å krysse av på meldinga som viser at ei sak vert oppretta. Der vert det markert kven som er varsla om saka.

#### *Vår vurdering*

Skulen må ha ein framgangsmåte som sikrar at dei undersøker saka snarast mogleg. Rektor må følgje opp at skulen gjer dette i praksis. Skulen må dokumentere kva dei gjer for å oppfylle aktivitetsplikta.

Vi kan ikkje sjå at skulen har gitt føringar i handlingsplanen for kor raskt ein skal undersøke saker. Rektor skriv at alle vert informert om at skulen må gå i gong med handtering av ei sak innan fem dagar frå varsling. Rektor skriv også at undersøkingane settast i gong så snart det er mogleg å få til, ut frå situasjonen. Fylkesmannen forstår det slik at rektor meiner at skulens framgangsmåte er at eit varsel skal undersøkast så raskt som mogleg, og seinast innan fem dagar.

Rektor skriv vidare at varselet ikkje vert dokumentert på anna vis enn at det vert oppretta ei sak. Ettersom det ikkje vert dokumentert når ei sak vert varsla, og det ikkje førast dato får når saka vert varsla, verkar det for Fylkesmannen som at rektor ikkje vil ha moglegheit til å følgje opp eller dokumentere at sakene vert undersøkt snarast.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at elevane som saka gjeld får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen?

#### *Vår observasjon*

Rektor og lærarane ved Odda barneskule svarar ja på spørsmål om elevane alltid får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen. Rektor skriv at eleven og dei føresette signerer på at dei har fått uttale seg om aktivitetsplanen.

Av skulens innsendte handlingsplan for handtering av elevsaker går det fram at kontaktlærer, etter å ha fylt ut, eller har mottatt utfylt, «Melding, §9A», skal «undersøk[e] saka grundig, ved samtalar o.l.».

Vi ser av skulens innsendte aktivitetsplanar at det er laga ei linje der eleven skal skrive under på om han/ho har fått høve til å uttale seg om planen, og det er også laga ei linje der føresette skal signere for at dei har fått høve til å uttale seg om planen.

#### *Vår vurdering*

Rektor skal syte for at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at dei legg til rette for at eleven som tiltaka skal rette seg mot, får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen. Om eit eller fleire tiltak direkte påverkar andre elevar, så har også desse elevane ein rett til å uttale seg om korleis tiltaket påverkar dei. Rektor må følgje opp at dei som jobbar på skulen, legg til rette for at eleven får høve til å uttale seg i praksis.

Ut frå skulens innsendte dokumentasjon ser vi at skulen har praksis for å høyre den eleven som aktivitetsplanen rettar seg mot.

I fleire av skulens aktivitetsplanar er samtale med andre elevar sett opp *som tiltak* i aktivitetsplanane. Det kan tenkast at skulen ved dette forsøker å ivareta dei andre elevanes rett til å verte høyrte i saka, men det går ikkje klart fram. Det er viktig at skulen høyrer eleven *før* aktivitetsplanen vert sett i verk, slik at eleven får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i denne. I ein av aktivitetsplanane er eit av tiltaka at «to elevar skal holdast frå kvarandre så mykje som mogleg». Fylkesmannen kan ikkje sjå at den andre eleven vert høyrte *før* tiltaket vert iverksett.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at skulen set inn eigna tiltak dersom ein elevs rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt?

*Vår observasjon*

På spørsmål om dei alltid sett inn tiltak der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, svarar både rektor og lærarane ved Odda barneskule ja. Rektor skriv at «uansett korleis eleven har det, er det mogleg å setja inn tryggingstiltak, for å bidra til å gjera eleven tryggare. Det viktigaste er eleven si oppleving av om tiltak kan bidra til tryggleik».

På spørsmål om tiltaka er tilpassa saka i type og omfang, basert på elevens heilskaplege behov og elevens beste, svarar både rektor og lærarane ved Odda barneskule ja. Rektor skriv at «tiltaka er tilpassa saka i type og omfang, i den grad skulen er i stand til å setja inn tiltak av den grad».

Av skulens innsendte dokumentasjon, ser vi at rektor har sendt inn ein handlingsplan for handtering av elevsaker. Av planen går det fram at den som mottek melding om at ein elev ikkje har det bra, skal levere inn skjema «Melding, §9A» til kontaktlærer, og informere rektor om oppretting av sak. Det går fram at kontaktlærer skal undersøke saka, og vurdere kva for tiltak som skal settast inn. Kontaktlærer skal så kontakte føresette og elev, og dei skal ha møte før planen ferdigstillast. Elev, føresett og rektor skal signere på endeleg aktivitetsplan.

Skulen har sendt inn åtte aktivitetsplanar som visar kva tiltak skulen har sett inn i den enkelte sak. Rektor skriv at skulen har hatt som praksis å dokumentere undersøkingane i den første aktivitetsplanen.

*Vår vurdering*

Rektor må gje ein framgangsmåte som sikrar at skulen sett inn tiltak i alle saker, og rektor må følgje opp at dei som jobbar på skulen, brukar framgangsmåten i praksis.

Rektor har laga ei framgangsmåte for handsaming av meldingar om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Ansvaret for å undersøke, vurdere resultat frå undersøkinga og eventuelt utforme tiltak i ei sak er lagt til kontaktlærar. Rektor følgjer opp ved å kontakte kontaktlærar etter varsel, og å skrive under eventuell aktivitetsplan.

Rektor har ikkje lagt nokon føringar for korleis kontaktlærar skal undersøke saka, anna enn ved samtale, eller kva undersøkingane skal føre til. Dette kan gjere til at det vert vanskeleg for kontaktlærar å gjennom undersøkingane få fram kva som ligg bak elevens oppleving, og kva som er eventuelle oppretthaldande faktorar i elevens miljø. Utan å få fram kva som er bakgrunnen for elevens oppleving, vil det vere vanskeleg å lage målretta tiltak og å evaluere om tiltaka har hatt effekt.

Vi ser av tiltaka i aktivitetsplanane at det i stor grad berre er satt inn tiltak som i realiteten er undersøkingar, som samtalar og observasjon. Dette kan tyde på at rektor ikkje har utforma ei rutine som sikrar at skulen sett inn tiltak i alle saker der ein elev ikkje har et trygt og godt skulemiljø. Vidare vert det uklart korleis rektor følgjer opp at det vert sett inn tiltak i alle saker, ettersom det er kontaktlærar som koordinerer undersøkingane og vurderer om det er behov for å sette inn tiltak. Vidare vert det uklart korleis rektor sikrar at det vert sett inn tiltak i kontaktlærar sitt fråvær.

På bakgrunn av dette finn vi at skulen ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at skulen sett inn tiltak i alle saker.

Skulens framgangsmåte må vidare sikre at skulen sett inn tiltak som er tilpassa saka i type og omfang, og baserte på elevens heilskaplege behov og elevens beste. Rektor må følgje opp at dei som jobbar på skulen, bruker framgangsmåten i praksis.

Tiltaka skal veljast ut frå faglege vurderingar av kva som er eigna tiltak. De må vere kunnskapsbaserte og byggje på tilstrekkeleg kompetanse om skulemiljø og arbeid mot mobbing og andre krenkingar. De må og sjå på kva som er årsaka til problemet. Ofte vil det vere behov for fleire eigna tiltak i samanheng for at tiltaka i sum skal vere tilstrekkelege til å løyse problemet.

Av dei innsendte aktivitetsplanane går det fram at nesten alle aktivitetsplanane inkluderer samtale som eit tiltak. Dette gjeld ikkje berre dei første aktivitetsplanane, som rektor skriv at dei dokumenterer undersøkingane i, men også aktivitetsplanar etter at skulen har gjennomført ei evaluering av planen. Fylkesmannen ser at slike samtalar kan vere effektive for å få fram korleis eleven eller andre opplever situasjonen over tid, i undersøkingsfasen. Dersom skulen vil gjennomføre samtalar som tiltak må det komme klart fram korleis dette skal bidra til å avhjelpe problemet eleven opplever, og sikre at eleven skal få et trygt og godt skulemiljø. Likevel er det ikkje i aktivitetsplanane gitt nokon nærare skildring av kva desse samtalene skal dreie seg om, eller kva føremålet med samtalene skal vere. Utan ei skildring av kva samtalene skal omhandle og kva som er føremålet med samtalen, vil det vere vanskeleg å evaluere effekten av desse seinare.

Vidare ser vi at fleire av tiltaka som vert iverksett i realiteten er undersøkingar. Gode undersøkingar skal utgjere grunnlaget for ein aktivitetsplan, og undersøkingane skal føre til tiltak, dei skal ikkje vere eige tiltak i aktivitetsplanen.

Skulens framgangsmåte må sikre at skulen sett inn tiltak som er tilpassa saka i type og omfang. Dette må vere basert på elevens heilskapelege behov og elevens beste. Av dei innsendte planane kan vi ikkje sjå korleis elevens behov er vurdert med tanke på tiltak. Vurderingsmoment vil kunne vere elevens syn på kva som bør vere innhaldet i aktivitetsplanen, og eleven si helse og sårbarheit. Moment som kan inngå i ei vurdering av sårbarheit kan vere karaktertrekk og eigenskapar, familierelasjonar, omsorgsbehov og liknande. Det er viktig at skulen vurderer aktuelle moment når dei utformar eigna tiltak.

Ettersom skulen ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at skulen sett inn tiltak i alle saker, og at rektor ikkje sikrar at skulen sett inn tiltak som er tilpassa saka i type og omfang, basert på elevens heilskapelege behov og eleven sitt beste, finn vi at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

## **2.2 Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak**

### **2.2.1 Rettslege krav**

Aktivitetsplikta står i opplæringslova § 9 A-4.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

Skulen skal gi elevane og foreldra informasjon om retten til eit trygt og godt skulemiljø, skulen si aktivitetsplikt og retten til å melde ei sak til fylkesmannen, jf. opplæringslova § 9 A-9 første ledd og forvaltningslova § 11. De må gi informasjonen på ein måte og i eit omfang som gjer at elevane og foreldra kan ta hand om sine rettar etter lova.

#### **Plikta til å utarbeide ein skriftleg plan**

De skal lage ein skriftleg plan som skal beskrive kva for ein elev planen gjeld, kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak de har planlagt, når de skal gjennomføre tiltaka, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka, og når de skal evaluere tiltaka.

Eleven og foreldra til eleven som saka gjeld, har rett til å få dei delane av aktivitetsplanen som omhandlar eleven. Dersom eleven er over 18 år, har ikkje foreldre rett til å få planen.

#### **Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltaka**

De må gjennomføre alle tiltaka som følgjer av planen. Vidare må de dokumentere at de gjennomfører tiltak i tråd med planen.

For å kunne evaluere tiltaka, må de skaffe dykk tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka. Eleven som tiltaka gjeld, har rett til å uttale seg. De skal tilretteleggje og ufarleggjere samtalen. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

De må vurdere korleis tiltaka har verka. De må endre tiltaka eller setje inn nye tiltak, dersom eleven framleis opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø. Evalueringa kan også føre til at de forlengjer tiltak som verkar. De skal fortsetje med å setje inn tiltak, så lenge eleven ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt, og det finst eigna tiltak som skulen kan setje inn.

De skal informere elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta, jf. forvaltningslova § 11 og opplæringslova § 9 A-9 første ledd.

## **2.2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar**

Kontrollspørsmål: Lager skulen ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skulen skal sette inn tiltak i ei sak?

*Vår observasjon*

Både rektor og lærarane ved Odda barneskule svarer ja på spørsmål om dei lager ein skriftleg plan som skildrar kva problem tiltaka skal løyse, kva tiltak dei har planlagt, når tiltaka skal gjennomførast, kven som er ansvarleg for gjennomføringa og når dei skal evaluere tiltaka.

Det er sendt inn døme på åtte aktivitetsplanar. Aktivitetsplanane følgjer same mal, og det er tatt med ein bolk der det går fram at ein skal fylle inn kva problem tiltaka skal løysa, ein bolk der tiltaka skal fyllast inn, ein bolk for dato for gjennomføring og ein bolk for kven som er ansvarleg. Det er også tatt med ein bolk for tidspunkt for evaluering av planen.

*Vår vurdering*

Ei føresetnad for å kunne utforme skildringar av kva problem eit tiltak er meint å løyse, er at skulen har gjennomført grundige undersøkingar som har hatt som føremål å få fram fakta om ein situasjon, bakgrunnen for elevens oppleving og kva forhold i elevens omgivnader som påverkar korleis eleven har det på skulen. Utan at undersøkingane har hatt dette som føremål, vil det vere vanskeleg å gje ei god skildring av kva problem tiltaket skal løyse.

Vi har sett at skulen ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at dei undersøker sakene tilstrekkeleg grundig. At undersøkingane ikkje er gode nok, gjenspeglast i skulens skildringar av kva problem tiltaka skal løyse i aktivitetsplanen. Mange av problemskildringane i planane er lite konkrete, og svarar ikkje på kva problem tiltaket skal løyse.

Vidare ser vi at mange av dei tiltaka skulen har planlagt i aktivitetsplanen, i realiteten er undersøkingar, ikkje tiltak. Dette gjer til at skulen ikkje får fram kva tiltak som er planlagt at skal gjennomførast.

Vi ser at skulen i dei fleste aktivitetsplanane har satt dato eller uke for gjennomføring av tiltaka. Vi ser også at det i dei fleste planane er skrevet opp kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka. For nokre tiltak er det satt opp at det er elevar eller føresette som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka. Til dette vil vi kommentere at skulen gjerne må oppfordre dei føresette eller elevar til å gjennomføre aktivitetar, men dette kan ikkje vere tiltak i ein aktivitetsplan.

Vidare ser vi at det i dei fleste planane er tatt med dato for evaluering av tiltaka.

Ettersom skulen sine skildringar av kva problem tiltaka skal løyse i fleire tilfelle er for generelle og for lite konkrete, og at fleire av tiltaka i realiteten er undersøkingar, finn vi at skulen ikkje lagar ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skulen skal sette inn tiltak i ei sak.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Kontrollspørsmål: Får eleven og foreldra som saka gjeld, aktivitetsplanen frå skulen om dei ber om den?

*Vår observasjon*

Både rektor og lærarane ved Odda barneskule svarer ja på spørsmål om elevane og foreldrane som saka gjeld får aktivitetsplanen frå skulen om dei ber om det. Rektor skriv at heimen alltid får tilsendt ein kopi av aktivitetsplanen.

Alle dei innsendte aktivitetsplanane er signert av elev og føresette.

*Vår vurdering*

Vi kan sjå av aktivitetsplanen at den vert signert av føresette og elev, og rektor skriv at heimen alltid får tilsendt ein kopi av aktivitetsplanen. På bakgrunn av dette finn vi at skulen har sannsynleggjort at eleven som saka gjeld, og dei føresette, får aktivitetsplanen frå skulen om dei ber om den.

Krava i regelverket er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Følgjer rektor opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen?

*Vår observasjon*

Både rektor og lærarane ved Odda barneskule svarer ja på spørsmål om dei alltid gjennomfører tiltaka i aktivitetsplanen slik dei er skildra, både i innhald og tid. Rektor skriv at «tiltaka vert gjennomført så sant det ikkje skjer noko i perioden som gjer at det ikkje let seg gjera», som til dømes «sjukefråvær for ein av dei ansvarlege». På spørsmål om dei dokumenterer at skulen gjennomfører tiltaka i tråd med aktivitetsplanen skriv rektor at dei alltid har eit «evalueringsmøte i etterkant av perioden som tiltaka skulle gjennomførast». Rektor skriv vidare at evaluering av aktivitetsplanen enten vert «dokumentert på neste aktivitetsplan, dersom saka fortsett er open, eller i referat frå evalueringsmøte, dersom saka avsluttast».



Det er oppgitt tid for gjennomføring for alle tiltaka i skulens aktivitetsplanar. Nokre av tiltaka skal gjennomførast enkelte dagar, andre i bestemte veker, og nokre er aktuelle heile tida.

#### *Vår vurdering*

Rektor må følgje opp at skulen gjennomfører alle tiltaka i planen slik dei er skildra, både i innhald og tid. Det er rom for at de gjer små praktiske endringar i gjennomføringa av tiltaka, dersom dette gjerast i samråd med eleven og dei føresette. Skulen må og dokumentere at dei gjennomfører tiltaka i tråd med aktivitetsplanen.

Vi ser at rektor skriv at tiltaka skal gjennomførast, så sant det «ikkje skjer noko i perioden som gjer at det ikkje let seg gjera», til dømes sjukefråvær. Vi ser at det kan vere ei utfordring å gjennomføre tiltaka som vert planlagt dersom den ansvarlege vert sjuk. Likevel må rektor følgje opp at tiltaka vert gjennomført i tråd med aktivitetsplanen. Om dette ikkje er mogleg, må rektor tilpasse planen i samråd med eleven og dei føresette, slik at ein fortsett å jobbe for å sikre elevens rett til eit trygt og godt skulemiljø ved fråvær av ein tilsett.

Rektor skriv vidare at skulen dokumenterer evalueringa av tiltaka i neste aktivitetsplan, eller i referat frå evalueringsmøte. I nokre av aktivitetsplanane kan vi sjå at skulen har gjort ei «evaluering frå sist periode». I denne bolken har skulen skrive noko om korleis situasjonen er for eleven no, men vi kan ikkje sjå at det her er dokumentert at dei har gjennomført tiltaka i tråd med aktivitetsplanen. Skulen skal dokumentere kva dei faktisk har gjort i kvar sak. Ettersom dette ikkje går fram av skulens innsendte dokumentasjon, er ikkje krava i regelverket oppfylt.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har virka, inkludert elevens syn på korleis tiltaka har virka, og kva endringar eleven ønsker?

#### *Vår observasjon*

På spørsmål om dei alltid spør eleven om korleis tiltaka har virka og kva endringar eleven ønskjer, svarar både lærarane ved Odda barneskule og rektor ja. Rektor skriv at «eleven er den viktigaste stemma som skal bli høyrte i slike saker. Det er unntaksvis at føresette har ei viktigare stemme, dersom eleven har utfordringar med å signalisera sjølv kva han/ho synest i saka», til dømes «barn med særskilte behov».

Det går fram av skulens handlingsplan at det skal kallast inn til eit evalueringsmøte med føresette til avtalt tid.

På spørsmål om dei alltid innhentar nødvendig informasjon om korleis tiltaka har virka, svarar både lærarane ved Odda barneskule og rektor ja. Rektor skriv at både elev og føresette alltid vert høyrte «i høve korleis dei synest at tiltaka har fungert» ved evalueringa.

#### *Vår vurdering*

Rektor må gje ein framgangsmåte som sikrar at dei spør eleven om korleis tiltaka har virka og kva for endringar eleven ynskjer. Rektor må følgje opp at skulen alltid spør eleven om dette. Eleven skal få nødvendig informasjon for å kunne ta stilling til om han eller ho vil uttale seg, kva saka gjeld og kvifor og korleis de skal gjennomføre samtalen. De skal leggje til rette for og ufarleggjere samtalen og syte for at han er tilpassa elevens mognadsnivå.

Av skulens handlingsplan for handtering av elevsakar går det fram at det skal kallast inn til eit evalueringsmøte med føresette. Her går det ikkje fram at eleven skal vere med. Likevel går det fram at ein eventuell ny plan etter møte skal signerast av eleven, slik at vi legg til grunn at eleven også vert inkludert i evalueringa av tiltaka. Vi finn det sannsynleggjort at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at dei høyrer eleven ved evaluering av tiltaka.

Skulens framgangsmåte må sikre at dei innhentast nødvendig informasjon om korleis tiltaka har verka. Rektor må følgje opp at skulen innhentast informasjon i tråd med framgangsmåten. De må og vurdere om det er andre personar enn eleven som kan gi informasjon om korleis tiltaka har verka, og innhente informasjon frå desse personane.

Det går ikkje fram av skulens handlingsplan at det vurderast å innhente informasjon om korleis tiltaka har virka frå andre kjelder enn eleven og dei føresette. Av planen går det fram at skulen på evalueringsmøtet «avtalar om saka er løyst». Vidare går det fram at oppfølginga av saka «fortset til elev, føresette og kontaktlærer er einige om at eleven har det bra». Ei slik framgangsmåte legg ikkje opp til at det er elevens subjektive oppleving som avgjer om elevens rett til eit trygt og godt skulemiljø er oppfylt. Framgangsmåten legg heller ikkje opp til at det innhentast informasjon frå andre kjelder enn føresette og elev ved evaluering. Ingen av dei innsendte aktivitetsplanane visar at det har vore innhenta informasjon frå andre kjelder enn føresette og elev ved evaluering.

Ettersom skulen ikkje har ei fastsett framgangsmåte for korleis dei skal innhente tilstrekkeleg informasjon, har ikkje rektor sikra at det alltid vert innhenta nødvendig informasjon ved evaluering.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Kontrollspørsmål: Syter rektor for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka har virka og elevens syn?

*Vår observasjon*

På spørsmål om dei alltid tilpassar tiltaka, svarar både rektor og lærarane ved Odda barneskule ja. Rektor skriv at tiltaka vert «tilpassa eleven sitt behov, ut ifrå kva eleven sitt syn på saka er». Rektor skriv vidare at og føresette sitt syn er teljande for korleis ein tilpassar tiltaka.

*Vår vurdering*

Rektor må syte for at skulen evaluerer og tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka har verka og eleven sitt syn.

Vi ser at skulen har tilpassa tiltaka i nokre av sakene, men at det i fleire av sakene ikkje er gjort tilpassingar etter evaluering. Til dømes ser vi at det i ein av aktivitetsplanane går fram av evalueringa at det er behov for fortsett tiltak i gymgarderoben. Vi kan ikkje sjå at det av aktivitetsplanen går fram at det vert satt i verk tiltak knytt til gymgarderoben, til tross for at evalueringa viste at det vart behov for slike tiltak.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Kontrollspørsmål: Informerer skulen elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta?

*Vår observasjon*

Både rektor og lærarane ved Odda barneskule svarar ja på spørsmål om dei informerer elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen, om dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta. Rektor skriv at dei føresette «får informasjon om opplæringslova [kapittel 9 A] på første foreldremøte, kvart skuleår». Rektor skriv vidare at dei føresette då får «informasjon om skulen sine rutinar og Fylkesmannen som klageinstans». Rektor skriv at det ikkje er «fast rutine å informere elevane om Fylkesmannen som klageinstans», slik at det ikkje er alle elevar som veit om dette.

*Vår vurdering*

Skulen må informere elevar og foreldre at dei kan melde saka si til Fylkesmannen. Det går fram av rektors eigenvurdering at skulen berre har praksis for å informere foreldra. Ettersom skulen ikkje har rutine for å informere elevane om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen, er krava i regelverket ikkje oppfylt.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

## 3 Våre reaksjonar

### 3.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova 30-4:

**Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø**

**Plikta til å undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.**

1. Kommunen må syte for at skulen oppfyller plikta til å undersøke og sette inn tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3 og 9 A-4.

Kommunen må i den forbindelse sjå til at:

- a) Rektor sikrar at skulen undersøker saka når skulen har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.
  - b) Rektor sikrar at skulen undersøker saka snarast.
  - c) Rektor sikrar at elevar som saka gjeld får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen.
  - d) Rektor sikrar at skulen sette inn eigna tiltak dersom ein elev sin rett til et trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt.
2. Kommunen må syte for at skulen oppfyller plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-9 og forvaltningslova § 11. Kommunen må i den forbindelse sjå til at skulen:

Kommunen må i den forbindelse sjå til at:

- a) Skulen lager ein skrifteleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skulen skal setje inn tiltak i ei sak.
- b) Rektor følgjer opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen.
- c) Rektor sikrar at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har virka, inkludert elevens syn på korleis tiltaka har virka, og kva endringar eleven ønskjer.
- d) Rektor syter for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka har virka og eleven sitt syn.
- e) Skulen informerer elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen dersom de meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta.

## 3.2 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er **23. juni 2020**. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

## 4 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjord av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Leikanger og Bergen, 12. mai 2020

Oda Eikeland Myrnes

Tilsynsleiar

Atle Baaserud

rådgjevar

## Vedlegg

Dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynsrapporten:

- Eigenvurdering frå rektor ved Odda barneskule RefLex tema *Skulemiljø: Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø* - «Spørsmål for skuleleiinga» Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø, spørsmål 1.18-1.28 og 3.1 – 3.9.
- Eigenvurdering frå lærarar ved Odda barneskule i RefLex tema *Skulemiljø: Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø* «Spørsmål for lærarar» Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø, spørsmål 1.18-1.28 og 3.1 – 3.9.
- Åtte innsende døme på aktivitetsplan.
- Skulens innsendte «Opplæringslova §9a Handlingsplan for handtering av elevsaker».
- Anna dokumentasjon sendt inn i RefLex.
- Rektors svar på spørsmål frå Fylkesmannen i brev datert 9. mars 2020.
- Tre døme som viser korleis skulen har undersøkt saker ved mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.